

Tilskot til kulturminne i Hordaland 2017

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske
kulturminne (BARK)



Søkjær: Bømlo kommune

Prosjektkostnad: 159.495,-

Søknadssum: 79.747,-

Kulturminnet

Sokkamyro i Bømlo kommune er eit kulturminne frå steinalder. Snarare enn ein vanleg buplass var Sokkamyro ein verkstadsplass, noko ein kan sjå av den store mengda produksjonsavfall, uferdige øksar og knakkestesteimar. Det dominerande råstoffet var grønstein frå steinbrot på Hespriholmen.

Ungravinga i 1901 var den andre store arkeologiske undersøkinga av ein steinalderbuplass i Noreg.

Kulturminnet har ein viktig plass i vitskapshistoria og har stort kunnskaps- og formidlingspotensiale.

Det står skilt ved bygdetunet, og det er laga ein formidlingsfilm om staden. Kulturspora er ikkje synlege på overflata, og kulturminnet framstår som ei stor myr som ligg mellom Hillestveit skule og Langevåg Bygdatun.

Prosjektet

Bømlo kommune fekk i 2016 tildelt midlar gjennom BARK til gjennomføringa av eit forprosjekt som skulle sjå på moglegheitene for formidling og bruk av kulturminnet. Mellom anna ville ein sjå på moglegheiter for formidling gjennom Den kulturelle Skulesekken og ein applikasjon. Bømlo kommune søker no om midlar til gjennomføring og oppstart av nokre av tiltaka som vart definert gjennom forprosjektet. Kommunen søker midlar til:

1. Klassesett med kopi av reiskap frå steinalder og som er funne på kulturminnet. Øksene skal vera skjefta slik at elevane får prøva dei og oppleva korleis det er å bruka steinalderreiskap. Bømlo kommune tar ansvar for vedlikehald av klassesettet. Dette er eit tiltak for den kulturelle skulesekken.
2. Kjøp av pil og boge som elevane kan nytta. Dette fungerer godt i høve til gruppeinndeling, og høver både aktivitets- og temamessig. Dette vil vera ein motiverande måte å læra om historie på.
3. Bømlo kommune har gjennom forprosjektet avgjort kva applikasjon dei ynskjer å utvikla for kulturminnet, og har etablert kontakt med ressurspersonar innanfor både relevant teknologi og arkeologmiljøet for å sikra at det ferdige produktet held høg standard både fagleg og formidlingsmessig. Dei vil laga ein mobilapp der ein via skjermen på mobiltelefonen får sjå korleis landskapet og Sokkamyro såg ut, og ein kan vandre rundt på myra og få informasjon. Bømlo kommune søker no om ein mindre sum for å konkretisera kva innhald applikasjonen skal ha. Kva skal ein sjå, kva informasjon skal ein møte, med meir. Kommunen vil samarbeide med Universitetsmuseet i Bergen, og vil søkje stønad til prosjektet frå ei rekke kjelder. Innhaldet i applikasjonen kan gjerast tilgjengeleg inne frå Langevåg bygdatun, slik at alle brukargrupper har høve til å sjå innhaldet. At det er både bilde, tekst og lyd vil gjera at både synshemma og hørselshemma kan ha utbytte av formidlinga.

Vurdering

- Tiltaket er initiert og prioritert av kommunen
- Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen
- Det er stort lokalt engasjement for kulturminnet.
- Prosjektet har kvalitetar i høve til universell utforming.
- Tiltaket har stort formidlingspotensiale

Gildeskålbakken mellomaldertuft, Stord kommune

Søkjar: Stord kommune

Prosjektkostnad: 50.000,-

Søknadssum: 24.000,-

Kulturminnet

Gildeskålbakken er ei hustuft frå mellomalder. Tufta er synleg på markoverflata med låge vollar og ein skilde steinar som stikk opp der veggane har vore. Det er lokale tradisjonar knytt til staden der det heiter at ei stove som no står på Sunnhordland museum opphaveleg var ei gildestove som sto på Gildeskålbakken. Tufta ligg ved ein gamal veg og i nærleiken av kyrkja. Delar av tufta vart utgraven i 1959 og dei fann då ut at tufta har golv av små heller. Det kan vera ein røykomm i det eine hjørnet.

Prosjektet

Rett ved tufta går det ein nyetablert og mykje nytta tursti som gjer god tilgang til området for alle brukargrupper. Stien vart opna våren 2016, og ligg i ei sløyfe rundt flata der tufta ligg for å ta omsyn til denne. Tufta vart rydda for vegetasjon i samband med etablering av turstien, og er no godt synleg i terrenget med markerte vollar. Det er truleg likevel få som veit at dette er eit freda kulturminne, og at det kan vera ei gildestove som har lagt her. Stord kommune ynskjer å få sett opp skilt ved kulturminnet, både for å formidla informasjon om kulturminnet, men òg for at folk som ferdast der skal ta omsyn til tufta. Det er allereie laga til plass for skilt, og stien er lyssett og tilgjengeleg for alle. Stord kommune søker midlar til eit kulturminneskilt som fortel om kulturminnet. Kommunen vil gjennomføra arbeidet i samarbeid med mellom anna Hordaland fylkeskommune, Sunnhordland Museum, Stord sogelag , Stord Fitjar turlag og Friluftsrådet Vest. Stord kommune har avtale med Hystad Skule om at skulen årleg skal rydda vekk vegetasjon frå tufta og bruka denne i undervisninga.

Vurdering

- Kulturminnet ligg i eit mykje nytta område og har stort formidlingspotensiale lokalt
- Det er fleire andre tilrettelagte kulturminne i kommunen. Dette kulturminnet er likevel allereie tilrettelagt med universelt tilrettelagt sti og kulturminnet er rydda, og det skal svært lite til for å synleggjera den historiske verdien av området
- Turvegen forbi kulturminnet er universelt utforma, og det er gjort høveleg plass for skilt som legg til rette og for rullestolbrukarar.
- Kommunen har etablert samarbeid med ein barneskule for at elevane skal vera med på å rydda og at kulturminnet skal vera ein ressurs i undervisninga.
- Tiltaket er initiert og prioritert av kommunen



Figur Gildeskålbakken før skjøtsel. Foto: HFK



Elevar frå Hystad Skule gjer skjøtsel på kulturminnet saman med Stord kommune og Hordaland fylkeskommune.

Foto: HFK

Kvalvågen, Sund kommune

Søkjar: Sund kommune

Prosjektkostnad: 530.000,-

Søknadssum: 265.000,-

Kulturminnet

Kvalvågen er eit område i Sund kommune med rik historie. Her er det ei rekke steinalderbuplassar, og det er kulturminne frå nyare tid knytt til kvalfangst. Kvalfangst er ein gamal næringsveg i området, og aktiviteten går attende til mellomalder og har halde fram til nyare tid. Det er fysiske spor etter opptrekk av kval i form av ein voll kalla kvalvollen. Historiske kjelder fortel at denne vart nytta fram til 1887. Det er godt fiske i vågen, og dette har vorte utnytta frå steinalder og opp til våre dagar. Området har slik stor tidsdjupne, og er veleigna for formidling av ressursutnytting og bruk av landskapet gjennom fleire tusen år.

Prosjektet

Sund kommune søker om midlar til eit forprosjekt der hovudmålet med prosjektet er å ta vare på og formidla kunnskap knytt til dei arkeologiske kulturminna kring kvalvågen, samt å formidla historie når ein går i eit naturlandskap med mange kulturminne. Prosjektet har kvalitetar innan folkehelse, og det er mål om at folk skal oppleva kulturminna ute i terrenget. Delar av turløypa skal utviklast og etablerast for rullestolbrukarar og andre med nedsett funksjonsevne. Forprosjektet skal førebu og planleggja tilrettelegging av Skaganeset/Kvalvågen til friluftsområde der kulturminna skal synleggjerast og gjerast tilgjengeleg for publikum. Elles skal det planleggjast korleis kommunen kan leggja til rette for opplevingar og kunnskapsformidling om dei verdifulle kulturminna.

Vurdering

- Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen
- Prosjektet har kvalitetar innanfor universell utforming
- Prosjektet er sterkt forankra lokalt, både lokalpolitisk, administrativt, og hjå lokale lag og verksemder.
- Prosjektet har stort formidlingspotensial, og kvalitetar innan folkehelse då det er planar om ei turløype der kulturminna vert formidla langs stien.